

Årsberetning for Kvinnherad Handballklubb sesongen 2024 - 2025

I perioden frå førre årsmøte har det vore 5 styremøter i Kvinnherad Handballklubb.

Styret har i denne perioden vore samansett av 9 medlemmer:

- Daniel Haugland – Styreleiar
- Dagfinn Gjerde – Økonomi
- Thomas A. Ørbeck - Arrangementansvarlig
- Lillian Gjuvsland – Ressurskontakt
- Malin R. E. Brix - Sponsoransvarleg
- Cecilie Bjørke – Ansvarleg fysisk trening
- Janniche Haugland – Styremedlem og lisensansvarlig
- Kjetil Larsen – Sponsoransvarlig
- Eivind Kjerpeset – Påmeldingsansvarlig

Rekneskapsfører for perioden: Sumarum

Klubben har per 22.02.2025 219 medlemmer, herav 159 under 18 år og 67 over 18 år.

Saker som har vore til behandling:

Økonomi

Det har i perioden vore søkt om midlar til ulike prosjekt, der ein søknad har vorte innvilga av Sparebank1-stiftinga. Klubben mottok støtte til innkjøp av basisutstyr for skadeforebygging, samt utstyr til Husneshallen og Arena. Det er kontinuerleg behov for utstyrsfornying, draktsett, dommarutvikling, handballskular, m.m., og klubben fortsett med sitt arbeid å søke dei ulike støtteordningar som blir tilgjengelege.

Klubben hadde fleire større sponsoravtaler som hadde utløp ultimo 2024. Dialog, prosesser og sponsorpakker har vore oppe i styret for gjennomgang, og klubben er nøgd med at alle større sponsorar er med på vidare samarbeid.

Det blei vedtatt å avholde Rema1000 vinterferien 2025, og det er i skrivende stund 64 påmeldte deltakerer, noko som er rekord i påmeldingar for klubben.

Styret fekk i november 2024 indikasjonar fra regnskapsfører om resultatunderskudd for kalenderåret 2024. Dette blei gjennomgått og ulike resultatposter gjennomgått.

På inntektssida så er det for 2024 inntektsført to årskontigenter, som følge av omleggings av faktureringsperiode. På utgiftssida er det kommentarar til følgande poster:

- **Minibuss:** I 2024 hadde klubben lag som deltok på Norway Cup, Fredrikstadcup og var med på fylkesmesterskap i Førde. Utgifter knytt til minibuss har difor vore høgare enn tidligare år. Klubben forventer normaliserte utgifter for 2025.
- **Handballcuper:** Utgifter tilknytt reise og opphald til cup i 2024 har vore store primært grunna Norway cup. Det var eit stort prosjekt for klubben å sende avgårde tre lag østover,

og kostnadene tilsvarende store. Det blir i 2025 deltaking for færre lag på rimeligere cuper og kostnadene er forventet for 2025 å være meir normalisert. Klubben gikk med kr 200.000 i driftsoverskot i 2023 og kr 176.000 i underskot i 2024. Det er vurdert at mykje av dette er tilknytt periodisering av inntekter og utgifter tilknytta cup. Lagene som har delteke på cuper har lagt ned gode jobbar med dugnadsinntekter.

- **Idrettsutstyr og klær:** Klubben vedtok å satse på etablering av KHK Damelag i 2024, og dette medfører kostnader knytt til draktsett og utstyr. Videre har det vorte gjort eit løft kring minstestandard av utstyrsnivå, herunder baller og generelt treningsutstyr for Kvinnherad Arena og Husneshallen. Det blei også dette året gjort eit løft knytt til kleskolleksjonen klubben tilbyr trenere og lagleirar. Dei frivillige i klubben er særskilt viktige for at vi skal ha eit tilbod til våre born –og unge.

Styret si vurdering er at klubbens underliggende drift er sunn og bærekraftig for framtida.

Administrativt:

Styret har vidareført sitt arbeid med drift av klubben, herunder organisering, oppsetting av treningstider, lag og trener -og lagleiarar, drøfting av problemstillingar og løysingar, utarbeiding av instruksar og rutinar, politiattestar, utdanning, GDPR, søknader ifbm. sponsorat og stipend, rekruttering, utstyr, deltaking på seminar m.m. Det blir lagt ned mange timar med arbeid utenom styremøter tilknytta til dette. Det er eit aukande administrativt press på klubben då det stadig kjem aukande reguleringer for å vere compliant med gjeldande regelverk. Kombinert med at det er få ressursar tilgodesatt dette arbeidet i klubben medfører det mykje tid benytta på enkeltpersonar, spesielt styreleiar. Det må på sikt vurderes om noverande arbeidsfordeling er bærekraftig.

Anlegg:

Gjennom sesongen har klubben hatt treningstider i Kvinnherad Arena, til stor glede for spelarar og støtteapparat. Til tross for tilgangen til Arena er det framleis begrensa kapasitet i Kvinnherad, og klubben har vore naudt til å også ha treningstider i Husneshallen.

Resultat og lag:

Klubben har hatt 12 påmeldte lag i sesongen 2024 – 2025, og er nøgd med det. Det har vore god rekruttering på 6-års laget. Damelaget har hatt ein god oppstart der treningsgruppa har vore stabil, miljøet godt og dei sportslege resultatane tilfredsstillande. Laget er eit lite steg i frå ambisjonen om opprykk til 5. divisjon, men klubben har eit langsiktig perspektiv på damelaget og er positive til jobben som har blitt lagt ned i og rundt laget.

Deltaking på cup:

Styret ynskjer at alle lag i aldersbestemte klassar skal ha moglegheit for å delta på cup, og har som mål at dette skal vere til inspirasjon for spelarar og trenarar.

Klubben har hatt fleire lag på Handballfestivalen på Stord, samt Fredrikstadcup og Norway cup. Dette har vore kjekke erfaringer. Det sportslege og økonomiske aspektet ved Norway cup har ikkje vore foreinlege med kva klubben ynskjer, og vil slik cupen er lagt opp per no anbefale eigne lag å søke andre alternativ.

Arrangement:

Klubben har gjennom sesongen avholdt fleire vellukka arrangement. Det har vore avholdt fleire miniarrangement for yngre årsklassar, samt arrangement tilknytt Rema1000 Hjerteligaen. Det har også vore avholdt uformell intern julecup for å fokusere på samhold på tvers av laga. I vinterferien 2025 avholdes Rema1000 handballskule med rekordstor deltaking, noko klubben er glad for.

Dommarutdanning:

Klubben har i løpet av sesongen videreført sitt arbeid med å utdanne fleire dommarar, og klubben har avholdt nytt barnedommerkurs, samt utviklingssamling for dommere.

Heimeside:

Klubben har ei eiga heimeside, www.kvinnheradhk.no
Sida vert sponsa av iDrift, herunder med domene og sikkerheit. Heimesida blir halden oppdatert av styret.

Organisasjon:

Klubben sitt styre består av 4 menn og 5 kvinner, primært busett mellom Valen og Herøysundet. Fleirtallet i styret har hatt fleire periodar i styret.

Klubben benytter Sumarum som rekneskapsfører.

Klubben har i løpet av sesongen forsøkt å styrke arbeidet knytt til sosiale medier. Dette har til dels vore vellukka, men er eit utfordrande arbeid grunna personvernensyn som skal iverksettes. Styret vil fortsette dette arbeidet.

Kjetil Larsen har vore kioskansvarleg for klubben i inneverande sesong.

Ressurskontakt:

I samband med den kommunale satsinga mot barnefattigdom, har Kvinnherad idrettsråd utfordra alle idrettslag til å ha ein ressurskontakt i klubben. Kvinnherad Handballklubb har ein eigen ressurskontakt.

Det er spelt inn ønske om å gjere økonomisk støtte meir tilgjengeleg, med eigen informasjonsside om det på klubbens heimeside. Dette er satt på agendaen i forbindelse med oppdatering av heimeside knytt til neste sesong.

Lillian Gjuvsland er klubbens ressurskontakt.

Husnes 22.02.2025

For styret,
Daniel Haugland

Styreleiar Kvinnherad Handballklubb